



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2403 - 16/20471

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
26.10.2016

Høyring- GBNR 55/31 - Dispensasjon frå LNFR- område i KPA - Frådeling av fritidsbustad GBNR 55/31

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Nils-Oddvar Merkesvik om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF-område, jf Plan- og bygningslova § 19-2 for frådeling av fritidsbustad på Skjellanger, gbnr 55/31.

Fritidsbustaden er tidlegare bruksendra frå bustadhus, og eigedommen gbnr 55/31 er ein frådelt teig frå landbrukseigedommen gbnr 55/11. Det er i tillegg til fritidsbustaden oppført eit naust på eigedommen.

Planstatus:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som LNF- område.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå søkjar søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, sjå vedlegg. Søkjar har i skrivet søkt om frådeling til uendra bruk, då eigedommen/bygget skal nyttast som før. Han er vidare blitt opplyst om at frådelinga vil bli til endra bruk, då gjenveramde areal blir ligganes som ein ubebygd LNF-eigedom med eit oppført naust på. Korrespondanse med søkjar viser at skrivet er meint som ein dispensasjon til frådeling av LNF-eigedom til endra bruk. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilhet.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det er ikkje kome merknader.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF- sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev

byggeløyve eller andre varige konstruksjonar. Søknaden gjeld frådeling av ein allereie oppført fritidsbustad. Tiltaket inneber at restarealet på gbnr 55/31 blir ligganes som ein LNF-eigedom i KPA som er bebygd med eit naust. Framtidige tiltak på eigdommen vil krevje dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsyna bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i pbl heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland- Kommunal- og samfunnsplanavd. Og Hordaland Fylkeskommune- Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-5 (3)

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

55_31oversiktskart1_3000
kart1_1000
soknad_disp
55_31oversiktskart1_1000

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

5020
5020

BERGEN
BERGEN

